

TT-ordninga blir felles for heile Vestland

– Dette er ei viktig sak for alle som treng tilrettelagt transport, seier fylkesordførar Jon Askeland etter at fylkestinget har vedteke ny samordna forskrift for transport for menneske med nedsett funksjonsevne, i fylkeskommunal regi.



TILRETTELAGT TRANSPORT: Vestland fylkeskommune tilbyr tilrettelagt transport for menneske med nedsett funksjonsevne. (foto: Shutterstock)

Av [Bjarte Brask Eriksen](#) Publisert 16.12.2020 Endra 16.12.2020

Fylkestinget har samrøystes vedteke ei ny forskrift for menneske med nedsett funksjonsevne om tilrettelagt transport, den såkalla TT-ordninga. Det har vore ulike ordningar i Sogn og Fjordane og Hordaland fylke. Frå 1. januar 2021 blir det ei felles ordning for alle brukarar i Vestland fylke, i regi av fylkeskommunen.

Likehandsaming

– Med dette vedtaket sikrar vi likehandsaming og rettferd for alle brukarane på tvers av det nye fylket. Fylkeskommunen sikrar solid kompetanse og kvalitet i handsaminga, samstundes som den blir sikker og effektiv, seier fylkesordførar Jon Askeland.

Bakgrunn for vedtaket er at fylkeskommunen er pålagt av samferdselsdepartementet å lage ei ny forskrift som skal gjelde for alle brukarar i fylket. Saka har vore på høyring, og 22 innspel kom inn. Mange av dei er tekne til følgje i den nye forskrifta som fylkestinget har vedteke.

Forskrifta omfattar personar som av ulike årsaker ikkje kan nytte det ordinære kollektive transporttilbodet. I staden får dei tilrettelagt transport. Gjennom TT-ordninga skal brukarane få tildelt ei kvote to gonger i året. Denne kvoten blir fastsett gjennom det årlege budsjettet til fylkestinget.

15 700 brukarar

I Vestland fylke er det i dag ca 15 700 brukarar av TT-ordninga. Eigenbetalinga pr. tur er sett så lågt som 30 kroner, slik at et ikkje blir uhøveleg stor eigendel ved lengre turar. Brukarane kan bruke TT-ordninga til fritidsreiser i heile Norge.

Fylkeskommunen har og sett i gong eit innovasjonsprosjekt for å betre TT-tenesta. Dette skal gjere det lettare for brukarane og skal redusere sakshandsamingstida. Målet er å utvikle ei teneste som gjer det enkelt og lite ressurskrevjande for brukarane å søke uavhengig om brukaren er digitalt kyndig eller ikkje.

<https://www.vestlandfylke.no/nyheitsarkiv/2020/tt-ordninga-blir-felles-for-heile-vestland/>